



--

Arkiv saknr:	2015/3310
Løpenr.:	7838/2016
Arkivkode:	53/4

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Lasse Mathisen

## Søknad om tilskot til landbruksføremål - driftsbygning

### Vedlegg:

- 1 53/4- Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - driftsbygning
- 2 Mattilsynets krav om tiltak
- 3 Tilleggsopplysningar driftsbygning for hjort

### Dokument i saka:

1. Reglar for kommunalt tilskot til landbruksføremål.
2. Resultatregnskap, Vinje slakteri, periode 11/2015.

### Bakgrunn:

Knut Erik Jordstøyl og Aslaug Kostveit etablerte i 2007 hjortehegn på garden Kingland gnr/bnr 53/4 i Vinje. Til etableringa blei det det same året gjeve to kommunale tilskot på til saman kr 100 000,- . Dette gjekk til bygging av hjortehegnet.

Etter dette er hegnet utvida og besetningen bygt opp til det det er i dag. Flokken teller i vinter 46 dyr, og det er forventa opp mot 25 kalvar i vår. Søkjarane slår sjølve om lag 60 daa innmark, i tillegg kjøper dei for frå nabogarden – frå om lag 75 daa. Hjorteflokken på Kingland er dei einaste husdyra i bygda Våmartveit.

Hjorteoppdrettet på garden gjeng i balanse (med eit lite overskot) opplyser søkjarane.

Søkjarane fekk i 2015 pålegg frå Mattilsynet om å bygge «eit sorterings- fangstanlegg og eigne hegn/avdelingar/rom for kalvar og andre dyr som treng ekstra foring og/eller stell». Mattilsynet viser til Lov om dyrevelferd § 24. Mattilsynet sette ein frist for gjennomføringa av tiltaket til 31.12.2015.

Knut Erik og Aslaug søker no om tilskot til oppføring av driftsbygning for hjorten på garden. Driftsbygningen vil støtte dei krava Mattilsynet har kome med. Med driftsbygningen vil dei lettare kunne skilje dyr, merke, medisinere og sortere ut dyr som treng ekstra stell og foring. Driftsbygningen vil òg gjere det enklare å skilje ut slaktedyr. Driftsbygningen har eit kostnadsoverslag på kr 676 401,- + mva, og dei søker om eit kommunalt tilskot på kr 135 280,-. Dette utgjer 20 % av kostnadsoverslaget. Tiltaket er tenkt finansiert med lån, sal av utstyr, tilskot frå Vinje kommune samt stor eigeninnsats.

På grunn av arbeidsfristen til Mattilsynet for dette tiltaket, er driftsbygningen langt på veg ferdig.

Vinje kommune yter kommunale tilskot til landbruksføremål. Desse tiltaka har dei seinare åra hatt ei årleg budsjetttramme på 1,5 mill kr, det same også for 2016. Til no i år er det løyvd om lag kr 550 000,- frå desse midlane.

Det er utarbeid eit eige regelverk for ordninga, vedteke av kommunestyret den 14.02.13, med justering 03.06.15. Eitt av satsingsområda er *«Driftsbygningar for sau, geit og storfe. Nybygg, ombygging, eller oppgradering etter offentlege krav, samt stølsfjøs inklusive veg, vatn og straum. Inntil 20% av kostnad, maks 600 000 kr»*.

Driftsbygning for hjort er ikkje med som ein del av satsingsområdet, men det kan gjevast tilskot til driftsbygning for andre husdyr. PLM gjer vedtak i saker som gjeld unntak frå regelverket.

#### **Vurdering:**

Vinje kommune har frå starten av vore positive til hjorteoppdrettet på Våmartveit. Kommunen såg det som positivt i 2007 at nokon hadde ynskje om å satse litt utradisjonelt, og samtidig satse på dei kvalitetane eigedomen hadde.

Sjølve hjorteoppdrettet kaster ikkje veldig mykje av seg, det går i balanse. Søklarane hadde allereie på eit tidleg tidspunkt tankar om eit slakteri på garden. I ettertid ser ein kva dette har ført med seg, og som søklarane skriv var hjorteoppdrettet på Kingland starten på «eventyret» Vinje slakteri AS. Med oppdrettet har dei ei historie å fortelje kundane på slakteriet. Dette er viktig i dag, da mange er opptekne av kortreist mat, trygg mat og ikkje minst foredling og smaken av lokale råvarer/produkt.

Det er derfor svært viktig å fylgje dei pålegg ein får i drifta, og naturleg for kommunen å hjelpe til med dette, som ein gjer i andre husdyrproduksjonar i kommunen.

Det er òg verd å nemne at Vinje slakteri i dag har 4,5 årsverk, i tillegg til 1 årsverk på garden. Etter ein oppbyggingsfase med raude tal, syner rekneskapen for Vinje slakteri per november 2015 eit overskot på kr 520 000,-.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

- 1. Plan og miljøutvalet i Vinje løyver eit tilskot på 20 % av dokumentera utgifter til bygging av driftsbygning for hjort på garden Kingland, gnr/bnr 53/4. Maksimalt kr 135 280,- .**
- 2. Tilskotet blir utbetalt i to omgangar på skriftleg oppmoding frå søkjaren, siste utbetaling (minst 10 % av tilskotet) ved ferdigstilling av bygget.**
- 3. Det er krav til minst ti års drift etter sluttgodkjenning av tiltaket.**
- 4. Blir drifta avvikla innan ti år kan kommunen krevje at tilskotet blir betalt tilbake, med 10 % nedtrapping for kvart år.**
- 5. Arbeidsfrist blir sett til 31.12.2016**

Rådmannen, 19.04.16

Jan Myrekrok, rådmann /s/